

Søk i Ættesoga

Du er no komen til søkesida til databasa for «Ættesoga for Vanylven Sokn». Treng du rettleiing, trykk på linken over dei grønne søkeboksane

Når du vil bruke databasa, kan du kan velje mellom å søkje på «**Alle**», «**Person**», «**Gard**» og «**Eigedom**» dvs bruk/tomt.

Vil du søkje på eit namn, trykkjer du på «**Person**». Det kjem fram eit skjema. Det er som regel nok å skrive inn for- og etternamn. Trykk på «søk» nederst på sida, rull evt sida litt opp.

Du kan få fram fleire namn nederst på sida. Trykk på namnet du søker og få fram fullt namn, fødselsdata, foreldre, fødestad, evt.

ektefelle/sambuar og evt. born og evt. eigedom. Alt tekst som er farga, er søkbar. Trykkjer du på ektefelle/sambuar får du fram data om denne personen, foreldra hans, fødestad, born og ev.t bonusbarn, nb. rett etternamn. Trykkjer du på namnet på borna, får du fram deira data, evt. ektefelle/ sambuar og ev.t barneborn og evt. oldebarn. Kvaliteten på det du får fram, avheng av dei svara vi har fått på spørjeskjemaet.

Dersom du får «0» resultat, kan det skuldast at personen du søker er fødd etter 2009 eller innflytta i soknet seinare eller ikkje er registrert - enno. Vi ber då om at du oppdaterar oss, sjå link til registrerings-skjema over.

«0» resultat kan også skuldast skrivemåten, t.d.: John eller Jon er to ulike personar. Det same er t.d. Thor og Tor. Fiskå og Fiskaa er ulike etternamn. Det same er t.d. Thunem og Tunheim eller Årøy/Aarø eller Åheim/Aahjem. Namn med eller utan dobbel s som Johannesen/Johannessen er også ulike. Med eller utan h gjev også ulike svar; Sæther/Sæter, Løseth/ Løset.

Doble fornamn brukt med eller utan bindestrek kan også gje trøbbel. Janne Britt/ Janne-Britt blir brukt muntleg likt, men databasa må ha

det som er innlagt. Vi må berre prøve ulike skrivemåtar. Ein kan også søke på «**Alle**», men det gjev ofte m.a. veldig mange namn å velje i.

Personar har fleire andre bruksområde. Ein kan søkje på berre fornamn, t.d. Anna og få ca 263 svar og då med etternamn

Søkker ein berre på etternamn, t.d. Thunem får ein ca 265 svar der også fornamna er med.

Søkker ein på fødselsår får ein alle som er fødde i Vanylven sokn dette året eller dei som er fødde det året og flytta hit. Også nærslekt fødde i andre sokn eller kommuner og som er i databasa, kjem opp. For 1984 får ein ca 194 personar. Kombinert med fornamn t.d. Ingvild gjev 2 svar. Kombinasjon av etternamn og fødselsår t.d. Thunem og 2000 gjev 6 namn. Denne funksjonen er fin når ein vil sjå kvar det er blitt av dei ein gjekk på skulen med, gjekk for presten med eller for jubileum, t.d. 50 års.

Vil du ha opplysningar om ein gard (matrikkelgard) skriv du inn gardsnummeret eller namnet i ruta «**Gard**». Målet vårt er at vi skal få med ei kort omtale og bilde av garden. Vi har førebels med dette for gnr. 1 Krokedal – gnr. 9 Strand. Vi er takksame for innspel og bilde.

Vil du ha opplysningar om ein eigedom trykkjer du på «**Eigedom**» og får fram eit skjema. Det er nok å skrive tala for gardsnr. t.d. 11 for Fiskå og t.d. 1 for bnr. I dette tilfelle vil «Gjerde» for namn gje resultat. Trykk «søk» og du får fram data om eigedomen m.a. når oppretta, eigarar(ar) og kart med adresse. Kartet ligg under «Matrikkelen», boksa med pil heilt til høgre. Vi vil etter kvart legge inn bilde av eigedomen og evt. bilde og omtale av personar knytt til eigedomen. Vi treng innspel.

Etter at Thunembøkene vart skrivne ca 2009-10, er det oppretta fleire hundre nye bruksnr, for det meste i byggefelt. Berre garden Fiskå har no om lag 300 bruksnr. Dei nye bruksnummera er no lagde inn i databasa med namn på eigar.

Opplysningane som ligg i databasa no er ei digitalisert (søkbar) utgåve av Thunheimbøkene (2010), med dei nye bruksnummera, samt dei svara vi har fått inn hittil på spørjeundersøkingane våre siste halvåret. Du kan også gå inn i dei digitale Thunembøkene med linken på søkesida.

Legge inn nye data eller endringar.

Sjå Rettleiing og skjema på linken oppe på søkesida.